


Smølaminne

Det blir ikkje tid til å få gitt ut Smølaminne for 2007. Redaksjonen arbeider med å få gitt ut Smølaminne for 2008. Dei har mange idear og er aktive, med det tar tid å få alt samla . Så får vi håpe at når vi kjem i gang at det kan bli årvisst. Redaksjonen er Jorunn Jonassen og Reidun Åstasund. Desse to har fått med seg Inger Holberg.



Kontingent

Det er 21 betalende medlemmer i Smøla Historielag for 2007. Fleire av disse er bosatt utenom Smøla. Vi skulle gjerne sett at det var fleire som bor i kommunen hadde sett seg råd til å bli med.

Bankkontoen er 3936.20.42805

**Er du historisk interessert?
Meld deg inn i historielaget**

Nytt fra

Smøla Historielag

Nr 2 / 2007

Styret i Historielaget har no konstituert seg. Karle Gjernes vart vald til leiar på stiftingsmøtet, medan styret fekk i oppdrag å velje dei andre funksjonane innan styret. Det gjorde styret i styremøte den 23. august i år: Kjell Egil Fredly vart vald til nestleiar, medan Per Bastian Kuløy og Lars Roksvåg tok på seg vervet som kasserar og sekretær. Dei andre styremedlemmane er Tove Betten og Aud Hopen.

Styret vedtok også å melde seg inn i Landslaget for historielag og er no medlem. Alle styremedlemmar og varamedlemmar har fått Handbok for historielag

Laget har også gått til innkjøp av lydopptaksutstyr. Vi ønsker å gjøre intervju med personer som sit inne med viten som er verd å ta vare på. Her kan vi nemne at det 2010 er 50 år sia kommunane Edøy, Brattvær og Hopen blei til Smøla kommune. Det er ikkje så mange igjen som var med i det første kommunestyret som starta på i 1960.


20. oktober 2007 hadde historielaget invitert til møte i Hopen Brygge med tema bilde. Det møtte i alt 26 personar og det blei ein givande laurdag ettermiddag. Kåre Holm har tatt opp mange filmglimt i fra fiske og fangstmiljøet. Statoil hadde tatt tak i råmaterialet og sett saman ein liten dokumentarfilm. Kåre var diverre forhindra frå å delta sjøl, men filmen hadde vi fått lånt og den ga innblikk i fiskerihistoria vår.

Så hadde Jan Neerland som tenåring tatt opp tatt opp film med gitar i leik på 1950-talet. Det gav nok tankar om at leikeaktiviteten har forandra seg på 50 -60 år.

Karle Gjernes hadde så sett saman ein lysbildeserie som viste forandringar i Smølasamfunnet både i arbeidsliv, måten folk kledde seg på og stedsforandringar. Her var det rom for mange tankar og minne.

Mange hadde med seg bildealbum. Styret fekk notert ned aktuelle album og noen lånte ut sine album. Her har vi Smøla eit stort arbeid framfor oss med å ta vare på innhente opplysningar om både motiv, personar og fotograf mm. Her må nok fleire enn styremedlemmene trø til. Og det var dei som gav uttrykk for at dette kunne dei delta i.

Vi har vore i kontakt med fylkesfotoarkivar Ragnar Albertsen og han vil gjerne delta på eit rettleiingsmøte for oss på Smøla. Vi håpar å få til det i løpet av inneverande år.



Konsert

Lørdag 15. desember kl 16.00 vil Historielaget i samarbeid med Smøla Museum halde konsert i Edøy gamle kirke. Det er Hjalmar Arnø som vil framføre julesanger fra Arnøya med tonefølge på trøorgel av Bjørnar Træthaug. Billettprisen blir 100 kr.

Vi håpar på godt frammøte til konserten.

K. J. Arnø (1867- 1955)

budde på Arnøya men var fødd på Vågsholmen, Averøy. På Arnøya skapte han stor virksomhet. Han reiste til Bergen for å lære seg kunsten å hermetisere og starta med krabbehermetikk og fiskemathermetikk. Han produserte regnklede og koffertar. Desutan produserte han gitarar og citarar. Så han var ein lokal günder. Dessutan var han ein aktiv avisdebatant og han deltok i forengislivet i Smøla.

Han var spesielt interessert i kristeleg arbeid. Han har skrivne julesongar som oldebarnet hans Hjalmar Arnø vil framføre til kjente tonar.

Vi håpar også å lage til ei lita utstilling av produkta til K A i kirka den kvelden. K A var ofte signaturen i avisene. Hjalmar Arnø er organist i Hommersåk, Rogaland. Han har fått laga ein CD med desse julesongane som han vil selge etter konserten

